

## A-laget: Rodde i land tre nye poeng

Skrive av nettredaksjonen

tysdag 19. august 2014 20:03 - Sist oppdatert tysdag 19. august 2014 21:14

---



Vestnes Varfjell slo Midsund 3-2 i ein sjanserik kamp i 4. divisjon tirsdag kveld. Magnus Nerheim gav heimelaget ei tidleg leiing, før Midsund utlikna. To skåringar av Elling Olafsen sørga for 3-1 ved halv tid. Vestnes Varfjell hadde lenge god kontroll på andreomgangen, men Midsund fekk nytt håp om poeng då dei reduserte kvarteret før slutt. Gjestane pressa på for utlikning, men Vestnes Varfjell heldt unna og sikra seg tre nye poeng. Laget er utan tap sidan serien snudde, og avanserte til 6. plass på [4.-divisjonstabellen](#) med denne seieren. Meir seinare.

MIDSUND OM KAMPEN | [BILDEGALLERI](#) | [VIDEOAR I VARFJELL-TV](#) (kjem onsdag)

Vestnes Varfjell fekk ein knallstart på kampen. Alt etter før tre minutt var spelt ballen i nota etter at eit frekt hælspark frå Eilling Olfasen hamna hjå Magnus Nerheim som sette ballen over keeper frå ti meter. Midsund ville vere med på moroa og Håkon Sjøvik utlikna på ein lobb over keeper sju minutt seinare.

To offensive lag bød det fåtallige publikummet på god underhaldning før pause. Begge lag skapte mange sjansar, men det var heimelaget som var flinkast føre mål. Elling Olafsen sendte vertane i leiinga med eit hardt skot etter 16 minutt. Like etter skaut Ole Gunnar Kjærstad utanfor frå god posisjon. Så sette Olafsen ballen i nettveggen etter eit raid, før han lukkast etter 32

## A-laget: Rodde i land tre nye poeng

Skrive av nettrekaksjonen

tysdag 19. august 2014 20:03 - Sist oppdatert tysdag 19. august 2014 21:14

---

minutt og auka til 3-1 aleine med keeper.

I andre omgang skapte heimelaget dei fleste store sjansane i starten. Elling Olafsen fekk ei avslutning redda på strek etter 71minutt som den største. Vestnes Varfjell såg ut til å kontrollere inn ein grei seier, då Simen Tangen forlenga eit framspel direkte i mål med eit kvarter att å spele. Like etter var innbyttar Thomas André Brastad aleine med keeper, men forsøket vart redda. Midsund pressa på mot slutten og hadde eit skot over frå kloss hald som den største sjansen til å sikre eitt poeng.

Vestnes Varfjell viste igjen god innsats over heile linja, der midststoppar Svein Erik Lange Male etter vårt syn var bestemann saman med tomålsskårar Olafsen.

Kampfakta:

Vestnes Varfjell - Midsund 3-2 (3-1)

4. divisjon Nordmøre/Romsdal

Vestnes idrettspark, 30 tilskuarar

Mål:

## A-laget: Rodde i land tre nye poeng

Skrive av nettrekksjonen

tysdag 19. august 2014 20:03 - Sist oppdatert tysdag 19. august 2014 21:14

---

1-0 (3) Magnus Nerheim

1-1 (10) Håkon Sjøvik

2-1 (16) Elling Olafsen

3-2 (32) Olafsen

3-2 (76) Simen Tangen

Dommar: Lasse Göncz, Træff

Gulrt kort: Joakim Stormyr, Midsund (87)

Vestnes Varfjell (4-3-3): Adrian Gabrielsen; Yngve Solevågseide, Svein Erik Lange Male, Ørjan Tangen, Magnus Nerheim - Sivert Nerheim, Karl Arne Stokkeland, Ole Gunnar Kjærstad - Amund Stavem, Elling Olafsen (Thomas André Brastad 77.), Azim Ahmadi